



Referat programstyremøte for spansk språk og latinamerikastudium

Dato: 1. juni 2022

Tid: kl. 12.15 - 14.00

Sted: HF-bygget, rom 305

Til stades: Miguel Angel Quesada Pacheco (fagkoordinator), Xavier Llovet Vila, Åse Johnsen, Kari Soriano Salkjelsvik, Hanne Tangstad (studentrepresentant) og Robert Graff Bakkevold (sekretær).

06/22 Godkjenning av innkalling og saksliste

Styret fekk inn eit forslag til endringar i emneomtala av DIDASPA2 rette før møtet starta. Forslaget vart ført opp under 10/22.

Det vart kommentert at innkallinga må gå til tilsette på faget og ikkje til personar som har slutta. Sekretæren kommenterte at tilsettatalogen på IF ikkje har vore oppdatert og feil difor kan førekome.

07/22 Godkjenning av [møtereferat frå programstyremøtet den 23. februar](#)

Godkjend

08/22 Til orientering:

1. Program møte for nye bachelorstudentar

Onsdag 17. august, Auditorium R, frå kl. 13.15-14.00.

Pacheco vil koordinere og saman med studiekonsulent kalle inn til eit kort planleggingsmøte for dei som skal delta og presentere faget i møte med nye bachelorstudentar.

2. Oppdatering frå redesign av Lektorprogram i framandspråk

Pacheco gjorde kort reie for prosjektet og status. Målet er å ta opp lektorstudentar til eit heilt nytt lektorprogram frå og med hausten 2024. Meir info om mandat og tidslinje finn de [her](#). Styret tok saka til etterretning og så føre seg mykje meir konkret arbeid med prosjektet i 2023, tilpassing av emneomtalar og studieplanar.

3. Søkjartal og anna relevant statistikk (sjå vedlegg)

Sekretær/studiekonsulent la fram tal og statistikk. Fagdidaktikkar, Vila, peikte på at talet på lektorstudentar med spansk som Fag I har vore jamn dei siste par åra. Sjølv om nokon vil falle i frå er det jamt øver ei god del lektorstudentar med



spansk som Fag I å finne i dei ulike lektorkulla. Då vart det samtidig referert til ei auke i den totale arbeidsbelastninga. Styret bør allereie no sjå etter eit eller fleire tiltak som kan senke den totale arbeidsbelastninga til dei som arbeidar og framover skal arbeid med spansk fagdidaktikk.

Styret drøfta ulike tiltak som kan vere med på å senke belastninga til døme å berre la lektorstudentane få skrive masteroppgåver med tema innan spansk fagdidaktikk eller la andre i fagmiljøet få ta del i rettleiinga (hovud eller bi) av lektorstudentane.

4. Vidare arbeid med «studiemiljø» og «arbeidslivsrelevans»

Jamfør sak 04/22 fanga studiebarometeret opp at studentane såg ei låg kopling mellom bachelorstudiet og arbeidslivsrelevans. Vidare fann fleire studentar studiemiljøet som mindre tilfredsstillande.

Har du innspel til strategi, idear til tiltak, etc. kan du sende det til fagkoordinator og/eller studiekonsulent. Så har vi noko meir å arbeide etter til hausten.

Johnsen argumenterte for å dele opp omgrepet «studiemiljø» til snakk om anten «fagleg studiemiljø» eller «sosialt studiemiljø». Styret var samde om denne presiseringa og stadfesta ansvaret for å skape eit godt fagleg studiemiljø. Studentrepresentanten sa seg heilt einig i denne presiseringa og på spørsmål om kva som då var viktig støtta Tangstad opp om kor viktig det var å kjenne seg inkludert i eit fagmiljø sjølv som student. Det vart då referert til invitasjonar til faglege arrangement som svært fordelaktige i så måte.

Styret tok dette til etterretning og vil sikre at studentar på alle trinn alltid vil verte invitert og oppfordra til å delta på faglege arrangement. Her kan fagmiljøet sjølv poste kunngjeringar på programsidene i Mitt UiB: BAHF-SPLA, MAHF-SPLA, ÅRHF-SPLA (og MAHF-LÆFR). Viss dei ikkje har tilgang til desse sidene kan dei kontakte studiekonsulent for hjelp.

Styret var samd i at fagutvalet derimot har i oppgåve å styrke det sosiale miljøet blant studentane på faget. Det vart til døme vist til fagutvalet på engelsk og deira praksis med å invitere til faglunsj. Per i dag er det usikkert om fagutvalet i spansk er operativt og studiekonsulent vil igjen sjå nærmare på saka.

5. Møtedatoar hausten 2022

31. august – lærarmøte

14. september – programstyremøte

19. oktober – lærarmøte

~~14. november – programstyremøte~~

16. november

Alle tilsette bør setje av datoane i kalenderen.




09/22

Rapport frå eksternefagfelle av 300-nivå MAHF-SPLA (vedlagt)

Styret skal kommentere innhaldet i rapporten og fagkoordinator vil samanfatte. Kommentaren vil verte lagt ved rapporten som sendast til fakultetet.

Pacheco systematiserte tilbakemeldingane frå Ohldieck etter input- og outputemne (sjå bilete under). Forslag til tiltak til forbetringar var i all hovudsak retta mot dei metodiske inputemna: SPLA311, SPLA312 og SPLA313.



Tangstad fortalte at det var ei stor fordel å studere disiplinfagas metode- og teoribruk før arbeid med outputemna. Ho vurderte emna SPLA311, SPLA312 og SPLA313 som særleg lærerike og motiverande. Undervisninga i SPLA312 hausten 2021 vart løfta fram som særleg god og dette vart også kommentert i rapporten.

Styret tok tilbakemeldingane frå Ohldieck til etterretning, men fann ikkje tid til å diskutere alt i rapporten. Difor bestemte styret at alle tilsette og studentrepresentantar kan sende inn kommentarar til fagkoordinator ut juni. Etter det vil fagkoordinator legge ved ein samla kommentar til rapporten som går til fakultetet.

10/22

Gjere endringar i emneomtaler

Styremedlem kan no fremje forslag og styret kan vedta å gjere endringar i emne som har undervisning om våren fyrst med verknad frå og med våren 2023.

1. SPANDI201 (forslag vedlagt)

Godkjend



2. DIDASPA2

Fleire styremedlem så det som problematisk å leggje inn eit krav om innlevering av «disposisjon» 24 timar før munnleg eksamen, både av pedagogisk og praktiske årsaker. Forslaget vart i samråd med emneansvarleg endra og setninga «Studentene må leggje ein disposisjon for presentasjonsdelen inn i Mitt UiB 24 timar før eksamen» vart strøken.

Revidert forslag vart godkjend.

3. SPLA350 (forslag vedlagt)

Godkjend

4. SPLA257 (forslag vedlagt)

Godkjend

Endringsrapport for emne DIDASPA2

Stadiuminfo:	Klar for kvalitetssikring (S1)
Sist endret:	01.06.2022 Xavier Llovet Vila (xll002)
Opprettet i EpN:	Nei

	Gammel verdi (S0, Importert fra FS)	Ny verdi (S1, Utkast)
Generelt		
Emnekodeforslag	DIDASPA2	DIDASPA2
Tilknyttede campuser	UIB	UIB
Studieansvarlig sted	184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk	184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk
Vekting	7.5	7.5
Vektingstype	Studiepoeng	Studiepoeng
Navn - bokmål	Spanskidaktikk 2	Spanskidaktikk 2
Navn - nynorsk	Spanskidaktikk 2	Spanskidaktikk 2
Navn - engelsk	Spanish Didactics 2	Spanish Didactics 2
Første undervisningstermin	2005 VÅR (ugyldig)	2005 VÅR (ugyldig)
Siste undervisningstermin	Ikke valgt	Ikke valgt
Første eksamenstermin	2005 VÅR (ugyldig)	2005 VÅR (ugyldig)
Siste eksamenstermin	Ikke valgt	Ikke valgt
! Språk	Ikke valgt	Spansk

Vurdering

Endringsønsker for vurderinger	-	-
--------------------------------	---	---

Undervisning

Administrativt ansvarlig	Robert Graff Bakkevold (29.09.2021 -)	Robert Graff Bakkevold (29.09.2021 -)
Emneansvarlig	Xavier Llovet Vila (29.09.2021 -)	Xavier Llovet Vila (29.09.2021 -)

Emneinfo

Studiepoeng, omfang:

Nynorsk:

7,5

Studienivå (studiesyklus):

Nynorsk:

Praktisk-pedagogisk utdanning

Undervisningsspråk:

Nynorsk:

Spansk og norsk

Undervisningssemester:

Nynorsk:

Vår

Undervisningssted:

Nynorsk:

Bergen

Mål og innhold:

Nynorsk:

Fagdidaktikk i spansk inngår som ein del av universitetet si spansklærerutdanning. Spanskidaktikk 2 (Didaspa2) er ei vidareføring av Spanskidaktikk 1 (Didaspa1).

Sentralt i studiet er spørsmål knytte til kompetanseutvikling i spansk og til utvikling av fagdidaktisk refleksjon og handling.

Eit grunnleggjande spørsmål er korleis spanskfagleg kunnskap kan verta utvikla og relatert til det å vere spansklærer. Særs viktig er det å utvikle forståing for korleis eigen språkkompetanse, innsikt i språket og innsikt i eigne læringsprosessar kan vere ein del av arbeidet med å leggje til rette for elevane si språklæring.

Når det er mogleg, er studiet organisert slik at noko av undervisninga er tilbod på tvers av språkfaga for å understreke ein kunnskapsteoretisk samanheng og danningmålsetjingar som er felles for språkfaga i skolen.

Studiet har fire målområder:

- Faget sin eigenart og utvikling
- Teoriar om tekst, kommunikasjon og språklæring
- Tilrettelegging for spansklæring, vurdering og utvikling av elevane si innsikt i eiga læring
- Læraren som forskar i eiga undervisning

Læringsutbytte:

Nynorsk:

Gjennom studiet skal studentane utvikle innsikt i spanskfaget sitt kultur- og danningspotensiale og kunne gjere greie for faget si utforming og samfunnsmessige grunngeving både historisk og i eit samtidsperspektiv. Dei skal setje seg inn i teoriar om tekst, kommunikasjon, kultur, språklæring og forskning, og kunne bruke desse i arbeidet med å fremje alle elevane si læring i spansk og generelt til å vidareutvikle egen kompetanse i spanskdidaktikk.

Kunnskapar

Kandidaten

- har innsikt i sentrale styringsdokument for skolefaget
- har innsikt i spansk som dannels- og dugleiksfag
- har kjennskap til sentrale språklæringsteoriar og tilnærmingar
- har kjennskap til forskingsmetodar innanfor språkdidaktikk

Ferdigheiter

Kandidaten

- kan vurdere spanskundervisning med omsyn til nasjonale læreplanar og elevane sine ulike læringsmåtar.
- har utvikla evne til å planleggje og gjennomføre tilrettelegging av læringssituasjonar som er føremålstenlege for den einkilde elev si språklæring og dei måla som er nedfelte i læreplanane.
- har utvikla evne til å støtte elevane i deira arbeid med å lære spansk og lære å lære.
- kan påvise kjenneteikn på kompetanse i ulike deler av spanskfaget og kan kunne vurdere elevane si læring i spansk både med omsyn til prosess og sluttkompetanse
- kan gjennomføre forskingsbaserte undersøkingar i språkdidaktikk
- kan uttrykkje seg munnleg og skriftleg på spansk innan fagfeltet

Generell kompetanse

Kandidaten

- kan gjere greie for faget si utforming og samfunnsmessige grunngeving både historisk og i eit samtidsperspektiv.
- kan undersøkje og drøfte spansklæring i lys av kunnskap innanfor dei spanskfaglege disiplinane (språk, litteratur, kultur og fagdidaktikk) og teoriar om innovasjon, og presentere refleksjon over dette skriftleg og munnleg
- har vidareutvikla strategiar til å fornye og utvikle fagdidaktisk kompetanse i spansk, til dømes ved å reflektere over og vurdere eiga og andre si undervisning.

Krav til forkunnskaper:

Nynorsk:

DIDASPA1

Anbefalte forkunnskaper:

Nynorsk:

Sjå krav til forkunnskapar

Studiepoengsreduksjon:

Nynorsk:

Ingen

Krav til studierett:

Nynorsk:

Opptak til praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) ved Universitetet i Bergen.

Arbeids- og undervisningsformer:

Nynorsk:

- Om lag 24 timar undervisning fordelt mellom førelesingar og seminar
- Rettleiing og skolebesøk

Undervisninga er både virtuell og ansikt til ansikt. **Våren 2021 kan deler av undervisningen bli gjennomført digitalt.**

Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne kan instituttet innføre redusert undervisning. På emne der dette kan verte aktuelt vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar.

Obligatorisk undervisningsaktivitet:

Nynorsk:

For å kunne gå opp til eksamen må studentane innan fastsette tidsfristar gjennomføre følgjande aktivitetar:

- ha delteke i eit etterarbeid knytt til avtalt tema (til dømes undervisningsopplegg, forskingsprosjekt, e.l.).
- skriftleg arbeid som drøftar ei spanskdidaktisk problemstilling

Nærare informasjon vert gitt ved semesterstart.

Det er obligatorisk frammøte på minst 75% av undervisningane , og organiseringa av undervisninga har dette som utgangspunkt.

Vurderingsformer:

Nynorsk:

Eksamensforma er **ei rettleidd prosjektoppgåve eller** ein munnleg eksamen **som er sett saman av ein førebudd presentasjonsdel og ein samtaledel**. På den munnlege eksamenen skal studenten kort presentere **forskningsprosjektet sitt prosjektoppgåva si** og deretter reflektere kring spørsmål knytt til pensum i spansk fagdidaktikk.

Prosjektoppgåva skal ha eit omfang på om lag 4000 ord, vedlegg ikkje medrekna. Eksamensspråk er norsk eller spansk.

Den munnlege eksamenen varer om lag 30 minutt Studenten må leggje ein disposisjon for presentasjonsdelen inn i Mitt UiB seinast 24 timar før eksamen. Studenten får 10 minutt av totalt 30 til presentasjonen sin. Munnleg eksamen vert halden på spansk. Munnleg eksamen kan bli digital for studentar som vel denne vurderingsordninga.

Kandidaten må levere ei sterkt omarbeidd oppgåve dersom ein skal levere på nytt i same emne.

Hjelpemiddel til eksamen:

Nynorsk:

-

Karakterskala:

Nynorsk:

Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.

Vurderingssemester:

Nynorsk:

Vår. Der er òg eksamen tidleg i haustsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav.

Litteraturliste:

Nynorsk:

Pensum er på 375 sider av normal vanskegrad. Av desse er eit utval sider sams for alle språkfaga. Litteraturlista vil vere klar innan 01.12.

Emneevaluering:

Nynorsk:

Studentane skal evaluere undervisninga i tråd med instituttet sine retningslinjer og UiB sitt kvalitetssikringssystem.

Emneansvarlig:

Nynorsk:

Fagmiljøet i spansk